



Nynorsk kultursentrum

Sunnmøre politidistrikt
Boks 1353
6001 ÅLESUND

Vår ref.: 434-144 OG

Hovdebygda, 10. september 2014

Mållova og Sunnmøre politidistrikt

Nynorsk kultursentrum applauderer dykk for at de så raskt tok til å tvitre på nynorsk etter at Norsk Målungdom hadde klaga på brot på mållova i så måte. Den handlekrafta lovar godt. Samstundes tek vi skarp avstand frå dei som har latterleggjort skrivefeil i meldingar. At medarbeidarar som har vore vane med å skrive bokmål, så fort skriv så bra på nynorsk som dei gjer, fortener ros og respekt. Å skrive er vanskeleg for alle, og vi stiller gjerne opp og gir handfaste råd – vi veit også om stø nynorskbrukarar i andre politidistrikt som kan vere til nytte.

Det er likevel ikkje til å kome frå at Sunnmøre politidistrikt har meir ryddearbeid å gjere. Då vi i vinter melde eit hærverk til politiet, var all skriftleg kommunikasjon frå dykk på bokmål. Dei lovfesta krava inneber derimot at all denne korrespondansen skulle ha vore på nynorsk. Då vi tok opp dette med ein politiadvokat hos dykk, fekk vi til svar at dette var eit policyspørsmål som vi måtte ta opp med leiinga. Der ligg nok ei openberr mistyding. Det er ikkje eit policyspørsmål om politiet skal følgje norsk lov eler ikkje.

Det er ei enkel sak å utforme på både bokmål og nynorsk ein del standardbrev og skjema som de bruker, til dømes når moglege lovbrot blir melde. Vi har hjulpt andre med slikt før, og då har vi kvar gong sett at også bokmålstekstane blir betre og klarare. Politidirektoratet burde for lenge sidan ha gjort alt dette. Her viser vi til Høgsterett som har mange hundre standarddokument som alle ligg føre både på nynorsk og bokmål.

No sender vi dette formelle brevet for at saka skal løysast til beste for borgarane og dei tilsette både i dykkar politidistrikt og andre stader i landet. Difor går dette brevet i kopi til Justis- og beredskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Politidirektoratet og Språkrådet.

Vi gler oss til å sjå resultatet!

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum



Ottar Grepstad

direktør

